

---

Vår referanse 2020/49965-19  
Dato 26.10.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Supplering av klage - Bruksendring - Gnr 1 bnr 80 og 285 - Flatøy - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til vedtak om dispensasjon av 17.09.2020.

Vi har i dag 26.10.2020 motteke mail frå tiltakshavar Øystein Sulebakk om at det er inngått avtale om parkering i høve tiltaket, og at signert avtale vil vere oss i hende i dag eller i morgon formiddag. Då fristen for å klage går ut i dag ser vi oss nøydde til å klage på vedtaket, all den tid slik avtale ikkje er førelagt oss. Vi vil i etterkant av førelagt avtale gå gjennom denne og vurdere om det vil verte aktuelt å trekke klaga.

### Saka gjeld

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø (APM), sak 059/20, datert 29.04.2020, om dispensasjon til bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80. Klaga vart delvis teken til følgje og nytt vedtak vart fatta. VLFK sendte 05.10.2020 ei klage på det nye vedtaket som no vert supplert.

APM har i det nye vedtaket vald å gi dispensasjon på vilkår. Desse vilkåra er dei same som VLFK stilte for å kunne trekke den opphavelge klaga. Det kan difor sjå ut til at kommunen har teke fylkeskommunen si klage til følge.

Etablering av parkeringsplassar i forbindelse med tiltaket er i direkte konflikt med område avsett til mellombels anlegg- og riggområde i reguleringsplan *Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy*, planID 1256\_20160002. Det har vore forsøkt frå tiltakshavar si side å inngå avtale med både Alver kommune og Vestland fylkeskommune om ei mellombels løysing for parkering for å innfri vilkåra, utan at dette har ført fram. Vilkåra er soleis ikkje blitt innfridd.

Vi kan ikkje sjå at våre moment i den opphavelge klaga har blitt møtt i det nye vedtaket, og vel difor å klage på det nye vedtaket. Vi gjengir her den opphavelge klaga og ber om at momenta i denne vert vurdert på nytt.

I vedtak av 29.04.2020 kjem utval for areal, plan og miljø (APM) i Alver kommune fram til at klage frå tiltakshavar vert teken til følgje og vedtaket vert oppheva. Det vert følgjeleg gjeve dispensasjon til mellom anna opparbeiding av parkeringsplassar på gnr. 1 bnr. 285:

«Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/1665, datert 14.01.2020 vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremålet fiskeribruk/fiskerihamn i reguleringsplan, frå byggjegrænse mot sjøen og frå områdeplankrav for bruksendring av naust/sjøbu til næringslokaler og opparbeiding av parkeringsplassar på gbnr 1/80, 1/285 på Flatøy i Alver kommune. Utval for areal, plan og miljø meiner at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, og at dispensasjon for omsøkt tiltak ikkje medfører at formålsføresegnene i pbl § 1-1 vert vesentleg sett til side.

Det vert vist til at omsøkt stad har svært gode tilhøve for kollektivtrafikk og at det er gangavstand til stor offentleg parkeringsplass. Tiltaket vil vera eit positivt bidrag for kulturlivet i Alver kommune.»

## **Vestland fylkeskommune klagar med dette på vedtaket om dispensasjon frå planføremål i reguleringsplan**

Statens vegvesen (SVV) hadde negativ uttale til saka i brev datert 05.11.2019. Ansvar for forvaltning av fylkesveg er overført til fylkeskommunen frå 01.01.2020. Det er difor Vestland fylkeskommune som klagar på vedtaket, med henvisning til negativ uttale gitt av SVV.

Grunngjevinga var at den omsøkte bruksendringa medfører etablering av parkeringsplassar som er i konflikt med områder avsett til mellombels anlegg- og riggområde i reguleringsplan Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy , planID 1256\_20160002.

### **Grunngjeving for klaga**

Vi viser til vedtaket som er nemnt over. Med heimel i pbl § 1-9 tredje ledd klagar vi på vedtaket. APM har ikkje teke omsyn til vår negative uttale i saka, her gjengitt:

«Vi ser av tilsendte dokument at tiltaket også gjeld store delar av naboeigedommen, bnr. 285, som er tenkt til parkering. Dette tiltaket er ikkje omsøkt, men etter vårt syn heng tiltaka saman, då det venteleg er trong for parkeringsareal til næringsføremålet.

Bnr. 285 er regulert til føresegningsområde Mellombels anlegg- og riggområde, #91\_3, i nyleg vedteke reguleringsplan Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy , planID 1256\_20160002.


I § 7.1 i føresegnene til reguleringsplanen går det mellom anna fram at området kan nyttast som riggplass og mellomlagring i anleggsperioden for veganlegget.

På bakgrunn av ovennemnde vurderer Statens vegvesen at den omsøkte bruksendringa inneber tiltak som er i konflikt med gjeldande regulering for området. Vi er difor negativ til tiltaket, og rår til at kommunen avslår dispensasjonssøknaden.»

Vi viser til pbl § 19-2 fjerde ledd: «Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

I denne saka har vi vore tydelege på at etablering av parkeringsplassar er i direkte konflikt med område avsett til mellombels anlegg- og riggområde i reguleringsplan, og ein slik negativ uttale bør tillegast særleg vekt. Vi vel difor å klage på vedtaket etter plan- og bygningslova for å vere føreseielege i vår handsaming av saka.

Konsekvensen av vedtaket til APM er at vi ikkje har tilstrekkeleg anlegg- og riggområde. Dette kan føre til at reguleringsplanen må reviderast. Dette medfører utsetjing og/eller ei ikkje ubetydeleg kostnadsauke i arbeidet med kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, og kan i ytterste konsekvens føre til at prosjektet vert utsett på ubestemt tid.



Figur 1: Område sett av til parkeringsplassar i søknad



Figur 2: Område #91\_3 avsett til mellombels anlegg- og riggområde

I vedtak av 14.01.2020 gir Alver kommune avslag på søknad om dispensasjon for bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/ 80 Flatøy.

I avslaget legg dei vekt på at omsynet til reguleringsplan blir vesentleg sett til sides, og at vilkåra for dispensasjon dermed ikkje er oppfylt. Dei legg i tillegg vekt på at kommunen ikkje bør dispensere når direkte berørt statleg eller regional myndigheit har uttala seg negativt:

«[...] og omsyna bak riggmellomlagringsplass for vegbygging i reguleringsplan for Kollektivknytepunkt og infartsparkering [sic] på Flatøy vil bli vesentleg sett til side viss det blir gitt dispensasjon i dette tilfellet. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre fordelar som er klart større enn ulempene, ut over private fordelar som ein i lita grad skal legge vekt på. Vilkåra for å kunne gi dispensasjon er dermed ikkje oppfylt, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

I tillegg følgjer det av pbl § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere når «[e]n direkte berørt statlig eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.» I dette tilfellet har Statens vegvesen uttalt seg negativt, og rår ifrå å gje dispensasjon som omsøkt.»

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune klagar med heimel i pbl. § 1-9 tredje ledd på vedtak om bruksendring frå naust til næring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy.

Grunngjevinga for klaga er oppsummert slik:

Etablering av parkeringsplassar er i konflikt med område avsett til mellombels anlegg- og riggområde i reguleringsplan Kollektivknytepunkt og infartsparkering Flatøy , planID 1256\_20160002. APM har ikkje teke omsyn til vår uttale i saka, og har fråvike pbl § 19-2 fjerde ledd som seier at kommunen ikkje bør dispensere når «[e]n direkte berørt statlig eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

Konsekvensen av eit slikt vedtak er at vi ikkje har tilstrekkeleg anlegg- og riggområde. Dette kan føre til at reguleringsplanen må reviderast. Dette medfører utsetjing og/eller ei ikkje ubetydeleg kostnadsauke i arbeidet med kollektivknytepunkt og infartsparkering på Flatøy, og kan i ytterste konsekvens føre til at prosjektet vert utsett på ubestemt tid.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg  
1 Opprinneleg klage

